



Saksframlegg

Aksjekapitalutviding (retta emisjon) ved Telemarkrøye A/S

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

- K.sak 2013/1265-1 (u.off. Offl. § 13, Fvl. § 13 nr. 2)
- K.sak 2014/1459-2

Bakgrunn for saka:

Ekstraordinær generalforsamling i Telemarkrøye A/S, org.nr. 998 090 458, har 31.03.2016 gjort vedtak om aksjekapitalutviding i selskapet for å skaffe meir driftskapital i oppbyggingsfasen. Dette blir gjort ved å gjennomføre ein retta emisjon (tilbod til utvalde investorar om å delta).

Eigarskapet er pr. 01.04.2016 slik:

Arve Bakken A/S	26,39 %
City Vest A/S	26,39 %
MP Pensjon Pk	14,50 %
Jonny Lyseggen Aketun	10,00 %
Ingebjørg Aketun	10,00 %
Fyresdal kommune	9,88 %
Mads Dorenfeldt Jenssen (dagleg leiar)	2,83 %

Aksjekapitalen står bokført med kr. 706 700.

Styret består av: Lars Bjaadal (styreleiar), Erik Skjervagen, Arve Bakken og Ingebjørg Aketun.

Fyresdal kommune kjøpte ved etableringa av Telemarkrøye A/S 53 aksjar à kr. 15 000,-, samla kr. 795 000,-, finansiert frå investeringsfond, kto. 2530001.

Selskapet gjennomførte også hausten 2014 ei aksjekapitalutviding, der alle aksjonærane gikk inn med aksjekjøp tilsvarende eigardelen sin. Aksjane var pålydande kr. 100,-, men med overkurs kr. 1 400,-. Teikningskursen blei dermed kr. 1 500,- pr. aksje. Overkursfondet blei med det auka frå kr. 5 600 000,- til kr. 7 933 800,-.

I K.sak 2014/1459-2 (27.11.2014) blei det gjort slikt vedtak:

Fyresdal kommune teiknar seg for kjøp av 165 aksjar pålydande kr 100 per aksje med overkurs NOK 1 400 pr. aksje, dvs. til kurs NOK 1 500 pr. aksje, i Telemarkrøye AS.

Innbetalinga skjer seinast innan 01.12.14.

Føresetnaden er at dei andre aksjonærane emisjonen er retta mot også innbetalar sine teikningsrettar i samsvar med oppstillinga i saka.

Kjøpesum for aksjane kr 247 500,- finansierast frå ekstraordinært utbyte frå Vest-Telemark kraftlag i 2014.

To av dei store eigarane går inn med betydelege midlar i denne emisjonen, men det er eit vilkår at kommunen også går inn med tilsvarande kapital. I denne runden er det lagt opp til ein annan fordeling enn sist, med aksjekjøp som vil endre eigarskapsprosent. Den retta emisjonen blir nå slik:

Fyresdal kommune	kr. 1 000 000,-
City Vest A/S	kr. 0,-
Arve Bakken A/S	kr. 1 000 000,-
MP Pensjon Pk	kr. 1 000 000,-
Jonny L. Aketun	kr. 0,-
Ingebjørg Aketun	kr. 0,-
Mads D. Jenssen	kr. 0,-

Emisjonen er lagt opp med dei same aksjeverdianse som sist, med overkurs kr. 1 400,- slik at kostnad pr. aksje er sett til kr. 1 500,-. Om emisjonen blir gjennomført på denne måten vil kommunen sitt eigarskap endre seg frå 9,88 % til 15,05 %.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016:

- *Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.*
- *Spesielt fokus på etablerte verksemder i utvikling.*

Selskapet blei stifta 05.03.2012, men er framleis i ein krevjande oppstartsfase. Fiskeoppdrett er generelt ein komplisert og sårbar bransje, og innlandsoppdrett av røye i mærer er i tillegg eit solid stykke nybrottsarbeid. Ved denne etableringa har det vore fleire utfordringar av både teknisk art og naturpåverka art enn ein hadde tenkt seg i starten, men det er heller ikkje nokon ny og uventa problemstilling at ei nytablering som dette ville trenge meir driftskapital i dei første åra. Telemarkrøye A/S har heller ikkje hatt andre verksemder å hauste erfaringar frå, og mange problem har verksemda vore nøydt til å finne løysingar på med bruk av eigen kompetanse. Dette har vore fordyrande, men det har ikkje minst vore tidkrevjande. Produkta har difor ikkje blitt klare for marknaden så tidleg som det var ynskt.

På den andre sida er det ei stor oppside ved denne type etableringar, både økonomisk og sysselsetjingsmessig. Lykkast verksemda ligg det særskilt godt økonomi i produkta, og ikkje minst eit potensiale for betydeleg auk i arbeidsplassar – spesielt innan fiskeslakteridelen.

Investorar som går inn i denne type etableringar er klar over risiko, og at det og vil kunne bli behov for å styrke driftskapitalen i selskapet i etableringsfasen.

For Fyresdal kommune er Telemarkrøye A/S ei av dei verksemndene som har best potensiale for auke i talet tilsette dei nærmaste åra, og blir fylgt med stor interessa både på fylkes- og riksplan. Det er alltid ekstra krevjande både økonomisk og arbeidsmessig å vere først ute, men det gjev og eit stort konkurransefortrinn både marknads- og omdømemessig.

Det blir parallelt arbeidd med å få inn andre investorar. Om dette lykkast, vil det styrke kapitalsituasjonen i selskapet og gi nye nettverk. Eigarskapet til kommunen vil då bli redusert, men det vil vere ein svært god situasjon. Kommunen har heller ikkje som mål å ha eigarskap i verksemder, men av og til er det naudsynt for å få med andre investorar. Om dette blir aktuelt, vil det vere praktisk at rådmannen får fullmakt til formelt å godta dette, sidan den kommunale eigardelen då vil bli redusert.

Ordførar Erik Skjervagen er styremedlem i Telemarkrøye A/S. Han er difor ugild i saka, og varaordførar går inn som ordførar både under sakshandsaminga i kommunestyret og ved eventuell teikning av nye aksjar.

Rådmannen går inn for å finansiere aksjekjøpet ved å omprioritere i investeringsbudsjettet, og lånefinansiere investeringstiltak for kr. 600 000,-. Resten finansierast ved løyving frå næringsfondet, kto. 1410 470 325.

Om det seinare blir aktuelt å konvertere lånet på ca. kr. 1,7 mill. som kommunen tidlegare har gjeve til Telemarkrøye A/S til aksjekapital, får rådmannen fullmakt til å gjere dette.

Konklusjon:

Fyresdal kommune kjøper aksjar i Telemarkrøye A/S for kr. 1 000 000,- i samband med den retta emisjonen generalforsamlinga i Telemarkrøye A/S vedtok å gjennomføre på ekstraordinær generalforsamling 31.03.2016. Aksjekjøpet vert finansiert ved å omprioritering i investeringsbudsjettet, der investeringstiltak for kr. 600 000,- i staden blir lånefinansiert. Resten finansierast ved løyving frå næringsfondet, kto. 1410 470 325.

Rådmannen får fullmakt til å godta ein reduksjon i den kommunale eigardelen i selskapet som fylgje av at ein eller fleire investorar går inn i selskapet med ny kapital.

Om det seinare blir aktuelt å konvertere lånet kommunen tidlegare har gjeve til Telemarkrøye A/S til aksjekapital, får rådmannen fullmakt til å gjere dette.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune kjøper aksjar i Telemarkrøye A/S for kr. 1 000 000,- i samband med den retta emisjonen generalforsamlinga i Telemarkrøye A/S vedtok å gjennomføre på ekstraordinær generalforsamling 31.03.2016. Aksjekjøpet vert finansiert ved å omprioritering i investeringsbudsjettet, der investeringstiltak for kr. 600 000,- i staden blir lånefinansiert. Resten finansierast ved løyving frå næringsfondet, kto. 1410 470 325.

Rådmannen får fullmakt til å godta ein reduksjon i den kommunale eigardelen i selskapet som fylgje av at ein eller fleire investor går inn i selskapet med ny kapital.

Om det seinare blir aktuelt å konvertere lånet kommunen tidlegare har gjeve til Telemarkrøye A/S til aksjekapital, får rådmannen fullmakt til å gjere dette.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Edvard Nesland
	næringsssjef